

Rammedirektivet og kystområda

Av Lárus Thór Kristjánsson

Lárus Thór Kristjánsson er rådgjevar i Fiskeridirektoratet

Innlegg på seminar 26. nov. 2002.

Noreg er det landet i Europa med lengst kystline, den er ca. 20 000 km og om ein tel med øyene, er den 57 000 km. Innanfor grunnlinjene har vi ca 90 000 km² med sjøvatn og det areal som rammedirektivet kjem til å regulere er på ca. 100 000 km². Dette er eit omfattande areal å forvalte.

Innanfor nemnte sjøareal finn vi leveområda for ein stor del av dei viktigaste fiskeressursane her i landet, t.d. Vestfjorden i Lofoten med skreien. Difor er miljøomsyn og -forvaltning noko fiskeristyresmaktene må ta omsyn til i alt sitt virke.

Vi må ikkje gløyme at 2/3 del av det norske folk bor mindre enn 15 km frå sjø. Det gjer at vi kan kalle nasjonen ein kystbefolkning. Difor er arealet også sær viktig. Her har havbruksnæringa sitt virke. I desse områda vert


også ferdsle på sjø viktig ettersom ferdselsårene vert tettare og tettare nær hamneanlegga.

No skal vi sjå litt på rammedirektivet og norsk forvaltning. Vi har ei god samling lovar som skal samvirke under rammedirektivet. Desse er vannressursloven, vassdragsreguleringsloven, forureiningsloven, plan- og bygningsloven, naturvernloven, næringsmiddel og kommunehelsetjenesteloven, lakse- og innlandsfiskeloven, oppdrettsloven, havbeiteloven, saltvannsfiskeloven og havne og farvannsloven m.fl.

Men kva kan vi vinne med å implementere nemnte rammedirektiv? Heilskapleg vassressurs- og vassmiljøforvaltning

Kva er kostnadene?

Dei som endrar vassmiljøet må betale for det. Det vil seie, direkte bruk av vatnet eller evn. endringar i bruk av areal eller ressursar vert prisa.



Figur 1. Rammedirektivet sitt forvaltingsområde

Figur 1 er eit oversiktsbilete som viser rammedirektivet sitt forvaltingsområde. Direktivet sitt forvaltingsområde i sjø når som kjent ut til 1 N mil ut for grunnlinene.

På figuren viser eg også eit område nært elveos kor ferskvatnet påverkar salinitet d.v.s overgangsvatn. Dei andre områda i sjø, kan ein også sjå. Desse vert kategorisert som kystvatn.

Den viktigaste forskjellen mellom desse er at overvaking av fiskestammane er obligatorisk i overgangsvatnet, men ikkje i område definert som kystvatn.

Kva er fiskeristyretsmaktene sitt forvaltningsansvar i norsk vassressursforvaltning? Fiskeridirektoratet har kontrollansvar for bruk av vatn/sjøvatn hjå verksemdar som driv produksjon basert på organismar frå sjø (*Kvalitetsforskrift for fisk og fiskevarer* av 14. juni 1996). Fiskeridirektoratet skal leggje *drikkevannsforskriften* til grunn i sine krav. Prøvetaking er regulert av *K-melding 7/96*.

Inntil nyleg har Fiskeridirektoratet hatt ansvaret for å overvake fiskehelse. Med nytt føresegn har Landbruksdepartementet flytta forvaltningsansvaret til Statens dyrehelsetilsyn ved fylkes- og distriktsveterinærembeta.

Fiskeridirektoratet har forvaltningsansvaret når det gjeld oppdrett i sjø, brakkvatn, ferskvatn og havbeite. Dette er regulert av oppdrettsloven og havbeite-loven. Grunnfilosofien i nemnte lovar er at verksemda skal drive i optimalt vassmiljø. Direktoratet kan krevje dokumentasjon om akseptabelt miljø av dei som driv slike verksemdar. Direktoratet skal også i sin kontrol-

lverksemd sjå til at verksemdene driv i samsvar med andre lovar s.s. forureiningsloven, fiskesjukdomsloven, hamne og farvatnsloven m.m.

Fiskeridirektoratet kontrollerer algetoksin, generell kjemi og mikrobiologi i skjelverksemdar. Både vasskvalitet og algekonsentrasjon samt artssamansetjing vert også overvaka. Det er utarbeidd instruks for fagområdet.

Fiskeridirektoratet har også beredskapsansvar når det gjeld kriser i norsk økonomisk sone. Slike kriser vert ivareteke av eigen beredskapsnemnd. Her er det snakk om t.d. olje- og algekriser samt atomuhell m.m.

Fiskeri- og Kystdirektoratet skal jfr. plan- og bygningsloven delta i kommune- og fylkesplanlegging. Dette er viktige og prioriterte arbeidsfelt. Hovudvektar har vore lagt på å delta i kystsone- og hamneplanlegging på kommune- og fylkesnivå. Vi skal fungere som "vaktbikkje" for den nasjonale fiskeripolitikken. Med utgangspunkt i den prøver vi å påverke til at fiskeri- og havbruksnæringa oppnår gode vilkår både næringsøkonomisk og miljømessig, for å oppnå sunn næringsutvikling på lang sikt.

Kystdirektoratet skal leggje til rette for hamneplanlegging og utbygging. Dei skal også sjå til at samferdsle på sjø vert teke omsyn til i all verksemd som går føre seg langs kysten.

For å drive forvaltninga har vi sjølvsagt nokre faglovar som verkty. Oppdrettsloven gjeld i norsk økonomisk sone (200 N mil). Loven regulerer oppdrett i ferskvatn, sjø og brakkvatn. I føremålsparagrafen kjem det fram at oppdrettsnæringa skal vere

sikra balansert og berekraftig utvikling. Dette medfører at fiskeristyre-maktene skal sjå til at vassressursane vert utnytta på miljømessig forsvarleg måte. Dette er i vassdirektivet si and.

Konsesjonshandsaminga etter opp-drettsloven tek omsyn til både foru-reiningsloven, fiskesjukdomsloven og hamneloven. Det er heimel til å krevje miljøgranskning og naudsynte tiltak basert på eventuell føresegn. Dette kan regulere drift hjå nye og eksis-terande oppdrettsverksemdar.

Ein kan også verne om akvatiske organismar som trenger særskilt vern gjennom bruk av § 19 i nemnte lov. D.v.s. då legg ein ned forbod mot opp-drett i desse organismane sine lev-eområde.

Havbeiteloven gjeld i norsk økono-misk sone. Jfr. loven skal løyve til havbeite ikkje verte gjeve om det er fare for at det biologiske mangfald vert skada eller den økologiske bal-ansen vert endra. Havbeiteloven har også som føremål å sjå til at verksemda driv etter prinsippet om balansert og berekraftig utvikling. M.a.o. stort miljøansvar.

Saltvassfiske-loven kan leggje restriksjonar og krav til utøving av fisket med omsyn til ressursane i havet. Det er også heimel til å regulere annan aktivitet enn fiske. Slike regu-leringar skal vere basert på omsynet til fiskeressursane.

Hamne- og farvatnsloven sitt verke-område er norsk indre farvatn og norsk sjøterritorium (12 N mil). Loven gjeld også i vassdrag så langt desse er farbare for farty frå sjøen. Jfr. nemnte lov skal ein kunne kontrollere ferdslø, tiltak og anlegg i sjøområda. § 6 i lova gjev

heimel for å skrive ut føresegn om bruk av norsk farvatn. I arbeidet skal ein ta omsyn til miljøet. I samband med det, kan ein bruke § 11 i lova som gjev rom for å lage slike føresegnar.

Fiskeristyresmaktene sitt arbeidet med rammedirektivet er delt. Fiskeri-departementet deltek i "Departements-gruppa" som legg føringar for det prak-tiske arbeidet som direktorata (Kyst- og Fiskeridirektoratet) gjennomfører. På direktoratsnivå har vi ei anna styrande gruppa (direktoratsgruppa) som har som hovudmål å sjå til at departementa sitt mandat for arbeidet vert gjennomført.

Båe Kyst- og Fiskeridirektoratet skal gjennomføre sitt arbeid ut frå:

- *Fiskeripolitiske retningslinjer*

Vi skal sjå til at arbeidet og resul-tata ikkje bryt med nemnte ret-ningslinjer som er gjeve av Stor-ting og regjering.

- *Fagområda og styring av desse*

Vi skal sjå til at dei fagområda vi er sett til å styre pr i dag, i framtida også vert ivareteke av Kyst- og Fiskeridirektoratet. Det er ikkje aktuelt å flytte nemnte styring til eit anna forvaltingsorgan.

- *Medverknad og samarbeid*

Vi skal arbeide for medverknad og samarbeid for å finne fram til den beste løysinga båe for miljøet og næringsinteressene.

- *Aktiv deltaking i implementerings-prosessen*

I styringsbreva frå Fiskeridepartementet står at vi skal arbeide aktivt under heile implementeringsprosessen.



Etter mi meining, er det heilt sentralt at hovudfilosofien i arbeidet med

rammedirektivet i framtida må vere at direktorata/departementa samarbeider om forvaltninga kor kvar fagetat har styringa over sitt fagfelt. Fiskeristyresmaktene har tidleg i arbeidet vore tilhengjarar av ein slik forvaltningstrategi.


Som døme på korleis vi tenkjer oss dette i praksis, kan vi nemne regionale forvaltningsplaner som skal brukast for å etterkomme krava i direktivet i nedbørfeltsdistrikta.

Vassforvaltning i Noreg i dag byggjer på ulike fagfelt som vert forvalta av fleire instansar. Som døme på fagfelt kan vi nemne klassiske miljøsaker (DN og SFT), vatn som ressurs (NVE) og vatn som habitat for artar som er viktige i fangst og oppdrett (F.dir.)

Vassforvaltninga som er lagt opp til i direktivet må difor byggje på samarbeid mellom dei instansar som ivaretek dei ulike fagfelt innanfor eksisterande vassforvaltning.



Administrasjon



Styring av vassdragsdistriktet

Fig. 2 Modell for styring i regionane

Utifrå ovannemnde har det difor heilt frå starten av arbeidet vore vårt forslag til styringsmodell for arbeidet i nedbørfeltsdistrikta at det vert etablert ei styringsgruppe kor fylkeskommunar og representantar for direktorata på regionnivå deltek i arbeidet. Det er viktig at dei ulike direktorata har motsegningsrett i saker som gjeld nasjonale politiske saker på kvar sitt fagfelt. Berre slik kan ein sikre at høg fagleg kompetanse rår når

det gjeld viktige avgjerder, samt at dagens styring av ulike nasjonal politiske fagfelt vert ivareteke.

Korleis kan så rammedirektivet verke når det gjeld forvaltning av ulike fagfelt? Når det gjeld arealplanlegging, er det klart at direktivet vert ein av premissgjevarane for norsk kystsonoplanlegging. Det er klart at ein i arealplanlegging av kystsonen, må ta omsyn til direktivet sine krav når det gjeld vasskvalitet.

I rammedirektivet er PPP på sjø og land (forureinar betalar for skaden verksemda påfører miljøet) viktig filosofi.

Kva vert effektane av implementering av nemnte rammedirektiv på havbruks- og fiskerinæringa?

Det er lite truleg at dei som driv fiske på sjøen kjem til å måtte betale slik avgift. Dette på grunn av at nemnte driftsform sjeldan endrar miljøet i rammedirektivet sitt forvaltingsområde i nemneverdig grad.

Oppdrettarar i sjøområda vert truleg ikkje råka av nemnte forvaltingsfilosofi ettersom desse i dag er sterkare regulert gjennom forureiningsloven enn dei vert av rammedirektivet. Det er truleg at setjefiskproducentar og matfiskproducentar i innlandet kjem til å må betale for vatnet dei brukar i produksjonen. Det same gjeld fiskeforedlingsverksemdar på land.

Kan rammedirektivet ha stor effekt på samferdsle på sjø?

Det er lite truleg at rammedirektivet kjem til å medføre strengare krav enn i dag for ferdsle på sjø eller drift av den offentlege transporttenesta. Dette på grunn av at dei krava vi har i dag er strengare enn dei som vert sett av rammedirektivet om t.d. kjemisk- og biologisk forureining.

Konklusjon

For havbruksnæringa trur eg ikkje direktivet førar med seg store ulemper. Det einaste eg ser som kan verte "råka" av direktivet er havbeite med t.d. hummar og kamskjel ettersom desse kan ha effekt på dyre- og planteliv på havbotnen.

Likevel må ein seie at betring i vasskvalitet er berre positivt frå oppdrettarane sin ståstad, både når det gjeld produksjonsfasen og salsfasen (godt miljø sel produkta).

Når det gjeld kystfiske så kan fangstform som t.d. botnskraping, tråling nært land og låssetjing by på problem. Her vil eg spesielt nemne t.d. taretråling som er og har vært konfliktfylt næring på kysten. Dette må ein prøve å avklare i tida som kjem.

Det er lite truleg at samferdsle på sjø vert vanskelegare etter implementering av rammedirektivet.

Om ein når nokre av dei mål om betring av vassmiljøet som ein finn i nemnte rammedirektiv, er det klårt at direktivet vert å sjå som særst positivt for Noreg.

Det er mange statsetatar som forvaltar norske vassressursar i dag. Om desse samarbeider om styringa i framtida med fokus på delt ansvar ut i frå fagområda, så trur eg at ein kan få forvaltning som fungerer. Her syner eg til tidlegare nemnte idé om styringsmodell.

Medfører rammedirektivet betring av vassmiljøet som er samfunnsøkonomisk akseptabel?

Eg hadde følt det som nederlag om eg hadde mått svare med eit NEI her. Eg trur direktivet er eit naudsynt tiltak og vert berre meir og meir aktuelt i framtida. Eg trur at dei kostnader samfunnet kan få ved innføringa av nemnte direktiv vert vegd opp av miljømessige vinstar som på lang sikt tener det norske samfunn.